

# Nytt fra Smøla Historielag

Nr 1/2009                            3. årgang

Vi er alt mars, men likevel Godt nytt år.

Smøla Historielag har gjennomført det første fulle arbeidsåret, og årsmøtet er heldt. Så da er vi i gang.

Smølaminne 2008 kom ut og var i salg før jul. Og det var vel mange flate pakkar med Smølaminne 2008 som låg under juletreet rundt om i heile landet. Og det var vel ikkje fritt for at det kom til kjentfolk elles i verda og.

Det blei eit fint hefte og redaksjonen med Jorun Marie Jonassen og Reidun Åstasund fortener honnør for arbeidet sitt.

## Så da er det på igjen å satse på Smølaminne 2009.

Styret har utvida redaksjonen til neste Smølaminne med i alt 3 nye medlemmer attåt Jorun Marie Jonassen og Reidun Åstasund. Dei nye er Else Jorun Lillenes, Iver Strandheim og Kjell Fredly. Har du stoff eller idear om tema, så ta kontakt med ein av desse.

## Årsmelding for Smøla historielag 2008.

### (Lagets 2. arbeidsår)

Årsmøtet 2008 blei holdt i Annies Gjestekro, Dyrnes 29. mars 2008.

Styret har hatt slik sammensetting:

Leder Karle Gjernes

Nestleder Kirsten Singleton

Sekretær Lars Roksvåg

Kasserar Per Bastian Kuløy

regnskapsførar Jonna Tang Kuløy

styremedlem Tove Betten

1. vara Kjell Gundersen

2. vara Elisabeth Sørli

3. vara Bjørg Træthaug

Årsmøtet 2008 vedtok dette **Arbeidsprogrammet**:

1. Få gitt ut Smølaminne i 2008.
2. Fane/lagsregistreng. Etterarbeid til utstillinga til Smøla Museum sommeren 2007.
3. Bildeinnsamling. Satse på tema.
4. Samarbeide med fylkesfotoarkivet i Møre og Romsdal om å få lagt ut landskapsbilde fra Smøla
5. Samarbeide med Smøla kommune om 50-årsjubileum for kommunen.
6. Sjå nærmere på sang og musikk fra Smøla
7. Smølas utvandringshistorie
8. Ha en temakveld om ord og uttrykk fra Smøla

### Styrets kommentar til arbeidsprogrammet:

1. Smølaminne 2008 kom i salg fra 4. desember 2009. Og er svært godt mottatt. Redaksjon var Jorun Marie Jonassen og Reidun Åstasund og dei har stor ære av resultatet og salget har vore godt.
2. Faneregistreringa er på nærmeste fullført. Mye av det blei presentert på medlemsmøtet 22. november 2008. Inger Anne Rangnes fortener stor ros for det verdifulle arbeidet ho har gjort. Vi vil arbeide med å få dette arbeidet gjort alment tilgjengeleg i samarbeid med Smøla Museum
3. Her står mye arbeid igjen, men Bjørg Træthaug presenterte bilde fra oppstarten på Frostahaia med tittelen *Ei bygd blir til* på medlemsmøtet 22. november 2008.
4. Dette punktet er ikkje fullført
5. Smøla historielag har Karle Gjernes med i Jubileumskomiteen og Lars Roksvåg med i jubileumsskriftkomiteen til Smøla kommune
6. Er ikkje fullført
7. Er ikkje fullført
8. Temaet var på møtet 22. november og det var aktiv deltagelse. Temaet må nok oppfølgast meir.

Styret har vore samla 6 gong til styremøte og behandla 29 saker.

Det er holdt 1 medlemsmøte.

Styret har sendt ut 2 meldingsblad: *Nytt fra Smøla historielag* til medlemmer og andre interesserte.

Smøla Historielag er medlem av Landslaget for Lokalhistorie

Smøla Historielag har egen nettside under Smøla Kommune.

Redaktør for nettsida er Magne Gjernes

<http://www.smola.kommune.no/artikkel.aspx?AId=541&back=1&Mid1=262&Mid2=26&Mid3=57>

Takk til Magne som passar på å få med nytt fra historielaget på kommunesida.

Det blir arbeidd med å få ei nettside under Landslaget for lokalhistorie [www.smola.historielag.org](http://www.smola.historielag.org)

Det er webansvarlig for Landslaget for Lokalhistorie Kurt Tverli som har lagt malen for den sida.

Laget hadde 69 betalende medlemmer i 2008.

<b>Driftsinntekter:</b>	<b>Regnskap 2008</b>		<b>Budsjett 2009:</b>	
Sponsing/tilskudd/gaver	kr	2 967,50	kr	3 000,00
Kontingent	kr	8 000,00	kr	8 000,00
Renter	kr	106,00	kr	100,00
Smølaminne	kr	26 780,00	kr	65 000,00
<b>SUM driftsinntekter</b>	kr	<b>37 853,50</b>	kr	<b>76 100,00</b>
<b>Driftsutgifter:</b>				
Kontingent Landslaget	kr	600,00	kr	650,00
Møter/Medlemsblad inkl.porto	kr	1 730,00	kr	3 000,00
Gebyrer/porto/renter	kr	17,00	kr	100,00
Kontorartikler/materiell	kr	1 107,50	kr	5 000,00
Lagsarbeid/reskontro	kr	-	kr	3 000,00
Smølaminne	kr	-	kr	50 000,00
Blomster/gaver	kr	-	kr	500,00
<b>SUM driftsutgifter</b>	kr	<b>3 454,50</b>	kr	<b>62 250,00</b>
<b>Differense/overskudd</b>	kr	<b>34 399,00</b>	kr	<b>13 850,00</b>

Driftoversuddet for 2008 er fordi utgiftene til Smølaminne enno ikkje er påløpt.

## Arbeidsprogram for 2009.

1. Gi ut Smølaminne 2009
2. Gi allmenn presentasjon av fanene som er registrert på Smøla i samarbeid med Smøla Museum.
3. Fortsette arbeidet med å ta vare på bilde fra Smøla Samarbeide med Nordvestnytt om presentasjon og fylkesfotoarkivet.
4. Samarbeide med Smøla kommune om 50-årsjubileet for kommunen i 2010.
5. Samle sangtekster og toner fra Smøla
6. Ha opne møter med tema
7. Gi medlemsbladet *Nytt fra Smøla Historielag* til medlemmer og andre interesserte.
8. Vurdere presentasjon av den trearma stjerna ved middelaldersenteret på Edøya

## Daniel Hagerup



Desse to løvene skar Daniel Hagerup ut og er nok eit tidleg ungdomsverk. Her ligg dei på innertrappa i Grønvika.

Vi vil finne meir om han i utstilling i det nye Gurisenteret på Edøya

## Norsk myrmuseum



er eit moderne museum med tema myrdyrking, torvdrift, bureising og myrnatur i fjøset på Moldstad forsøksgard – i grønne og naturskjønne omgivelser midt på Smøla!

## Edøen Traktor og motormuseum



Her er ei unik samling av eldre traktorar og motorar. Det er ikkje noe omvisning der no, men det er lov å ta seg inn og studere den samlinga som Arild Fugelsnes skapte. Legg også igjen billettpengar som kan gå til å vedlikehalde samlinga.

Du finn også denne plogen som Eilert Hagerup laga i Grønvika. Han var far til Daniel Hagerup som no får noe av sitt arbeid vist i Gurisenteret. Handlag hører til slekta.

## Miljøvernministerens brevkort til ordføraren i Smøla 2008



Gul slimvokssopp (*Hygrocybe vitellina*) er en soppart som ser ut til å være strengt oseanisk, da den kun er funnet i sure naturbeitemarker og andre åpne grasmarker langs ytterkysten. Arten er funnet flere steder på Smøla som Jøa, Leirvika: Hestøya, Svinøya, Brattvær kirke.

### Her er ordlyden på brevkortet:

Gul slimvokssopp som du ser avbildet på dette kortet er en truet art og den står derfor i Norsk Rødliste. Gul slimvokssopp har leveområder i din kommune. Takk for innsatsen for å bevare naturmangfoldet i kommunen din så langt Verden mister plante og dyre arter raskere enn noen gang. Rundt 2000 arter står i fare for å forsvinne fra norsk natur, blant annet fordi vi ødelegger leveområdene deres. Norge har som mål å stanse tapet avnaturens mangfold innen 2010. Å bevare arter og naturtyper er ikke en jobb jeg kan gjøre alene – jeg trenger din og kommunens hjelp for å nå målet.

I den forbindelse har jeg valgt en art for hver kommune som jeg håper dere vil være spesielt oppmerksomme på. Arten jeg har valgt kan stå som eksempel på kommunens naturmangfold. Den er en representant for det rike naturmangfoldet vi må stå sammen om for å bevare.

På [www.dirnat.no/kommunearter](http://www.dirnat.no/kommunearter) finner du mer informasjon om din kommunes spesielle art, og tips om hvordan dere kan ta vare på den.

## Matkultur

er in og det kjem stadig bøker om mat. Kanskje vi skulle samla litt om smølamat også.

Her er ei oppskrift på saltfiskball:

*Gammelsalta sei, IKKE utvannet (3-4 fisker, kanskje?)*

*Råpoteter (dobbelt så mye som det er fisk, kanskje?)*

*Gjerne litt kalde, kokte poteter (ad libitum)*

*Grynmel (byggmel) og hvetemel, ca. halvparten av hver (½ - ¾ kg av hver?)*

*2-3 never lettkokte havregryn*

*3-4 store løk*

*Spekk eller nikkjefett til innlegg i ballen*

*Fisk, poteter og løk males én gang på kvern.*

*Bearbeides sammen med resten av ingrediensene til en litt seig farse.*

*Smakes til med litt grovmalt, svart pepper.*

*NB! IKKE tilsett salt, i og med at seien ikke er utvannet.*

*Ball m/innlegg = Rundball*

*Ball u/innlegg = Langball*

*Ballen kokes sammen med saltkjøtt, kålrabi og gulrot. Da blir mauket god suppe.*

## Fra Lyngblomstra

av G. Th. Soleim

Han var mangeårig lærar på Råket. Hausten 1929 ga han ut eit lite dikthefte : *LYNGGBLOMSTRA* fraa unge dagar som han sende til slekt og vener som julehelsing. Her saksar vi siste verset fra eit dikt han har kalla Vinter:

*Og naar vaarsol isen spreng  
paaske ringer livets bud, -  
op fra isens kolde senge  
springer etter livet ut.*

## **Minneord:**



Hermund Arnø, Sola døde på Stavanger Universitetssjukehus lille julaftan 2008. Han var ein av dei første som meldte seg inn i Smøla Historielag. Han hadde også artikkel i Smølaminne 2008. Hermund vokste opp på Smøla og han har mange slektingar her på Smøla. Han var utdanna lærar og starta lærargjerninga i Søgne før han seinare kom til Sola og avslutta som skoleinspektør der. Han besøkte Smøla kvar sommar. I Historielaget vil vi nok sakne han for han hadde mye lokalhistorisk kunnskap. Fred over minnet hans.

## **Kulturminneåret 2009.**

Det skal arbeidast kulurminneatlas i kvar kommune. Den skal ha ei papirutgåve og ei digitalt utgåve. I Smøla kommune er det nedsett ei arbeidsgruppe med medlem fra kulturkontoret, museet, biblioteket, historielaget og kart og oppmålingskontoret. Arbeidsgruppa har valt å ta registrering av kulturminna gruppevis i det ein konsentrerer seg om kulturminne ved gardsnr 1-11 i april, 12-23 i mai, 24-35 i juni, 36-47 i august, 48-59 september og 60-65 i oktober. Har du tankar om kulturminne som bør vera med ta kontakt med Ane Fornes, kulturkontoret eller noen andre av medlemmene.

## **Grasrotandel av tippeoverskott**

Tippar du så kan du bestemme at 5% av innsatsen din skal gå til Smøla Historielag. Meld fra når du leverer lottokupong eller tippekupong. Alle monner drar for eit nystarta lag som har mange oppgaver

## **Kontingensten i Smøla Historielag**

er 100 kr for året 2009, men for 2010 blir den 150 kr. Med i kontingensten hører eit eksemplar av årskriftet vårt, Smølaminne. Konto for Smøla historielag er 3936 20 42805

Kasserar: Jonna Tang Kuløy      71543229/95098564  
epost: [jonnatan@online.no](mailto:jonnatan@online.no)

Revisor: Svein Ivar Iversen Vararevisor: Svein Rangnes

## **Tillitsvalgte i Smøla historielag:**

Leder: Karle Gjernes      71541179/95826251  
epost: [karlegje@online.no](mailto:karlegje@online.no)

Styremedlemmer:  
Kirsten Singelton      71543168  
epost: [steinar.karlsen@neasonline.no](mailto:steinar.karlsen@neasonline.no)

Lars Arnfinn Roksvåg      71541718/91758388  
epost: [lars-arnfinn.roksvaag@neasonline.no](mailto:lars-arnfinn.roksvaag@neasonline.no)

Tove Betten      71542700/93627238  
epost: [tobetten@online.no](mailto:tobetten@online.no)

Kjell Gundersen      95286704  
epost: [kgunna-g@online.no](mailto:kgunna-g@online.no)

Varamedlemmer:  
Kjell Meese      71543242/41684571  
Elisabeth Sørli      71540428 /992 60 318  
epost: [bjst3@online.no](mailto:bjst3@online.no)  
Bjørg Træthaug      71540231  
epost: [bjor.trathaug@neasonline.no](mailto:bjor.trathaug@neasonline.no)

Nettside: Magne Gjernes      71541150/46893130  
epost: [maggier@online.no](mailto:maggier@online.no)

Faneregistrator:  
Inger Anne Rangnes      71541189/90698116  
epost: [irangnes@online.no](mailto:irangnes@online.no)

Redaksjon Smølaminne 2009:  
Jorun Marie Jonassen      90194236  
epost: [jorunjo@hotmail.com](mailto:jorunjo@hotmail.com)  
Reidun Åstasund      71541290/90795407  
Kjell Egil Fredly      71543257  
[kjfredly@online.no](mailto:kjfredly@online.no)  
Else Jorun Lillenes      71543142  
[else\\_lillenes@hotmail.com](mailto:else_lillenes@hotmail.com)  
Iver Strandheim      71543735/91798036  
[gerstr@frisurf.no](mailto:gerstr@frisurf.no)